

Bok på 1-2-3

Huldra Hildur

Musikk og magi på setra

Av Aslak Brimi og Agnetha Berg

Tverrfagleg undervisingopplegg i norsk, musikk og kroppsøving. Momenta skaparglede, engasjement og utforskartrong, respekt for naturen og miljøbevisstheit er vektlagde i ressursen.


Tid: 90 minutt (+ tilleggsoppgåvane)

Kari og faren bur i byen, men denne sommaren skal dei hjelpe bestefar med å stelle dyra på setra. Bestefar fortel historier om dei underjordiske og om huldra som bur på setra. Kari er ikkje sikker på om bestefar snakkar sant, eller om han berre finn på historier, men pappa, derimot, ber bestefar slutte å fortelje desse historiene. Han får ikkje lov å skremme Kari, seier han.

På setra får Kari eit nært møte med dyra, men ho blir også kjent med ei lyshåra jente som heiter Hildur. Ho seier ho bur på setra saman med familien sin. Hildur kan så mykje om dyra, og ho har eit heilt spesielt godt lag med dei. Kari og Hildur er i lag kvar dag, og dei har det veldig kjekt. Men det er noko merkeleg med Hildur som Kari ikkje heilt klarer å finne ut av ...

Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram utdraget (side 6–29) frå boka.



Formål etter læreplanen frå 2020

Musikk

- utøve eit repertoar av songleikar, songar og dansar henta frå den nære musikkulturen til elevane og frå kulturarven.

Norsk

- uttrykkje tekstopplevelingar gjennom leik, song, teikning, skriving og andre kreative aktivitetar.
- lese og lytte til forteljingar, eventyr, songtekstar, faktabøker og andre tekstar på bokmål og nynorsk (...), og samtale om kva tekstane betyr for eleven.
- utforske og formidle tekstar gjennom samtale, skriving, leik, bevegelse og andre kreative uttrykk.

Kroppsøving

- utforske og gjennomføre leikar, idrettsaktivitetar, dansar og andre bevegelsesaktivitetar.

1 Før lesing (5 minutt)

Sjå på framsida av boka.

- Kva ser de på framsida?
- Kva trur de boka handlar om?
- I kva årstid trur de handlinga går føre seg?
- Kjenner de til nokon av vekstane på framsida? (myrull, blåbær, grantre, fleire?)
- Sjå på bokstavane i tittelen, og spesielt bokstaven H. Kvifor er den skriven på denne måten? Kan han likne på noko? (kurumpe)
- Kan de eit samle-omgrep for sau, gris og kylling? (husdyr)



2 Lesing og lytting til songane (30 minutt)

Les teksten, og spel songane etter kvart som dei kjem i boka. Dei er ein del av historia. Lydboka finn de på nynorskbok.no, YouTube og Spotify.

3 Etter lesinga (10 minutt)

- Kven er med i historia? (Kari, pappa, bestefar, katten Ilva, Hildur)
- Kva for dyr, og spor av dyr, møter Kari på setra? (katt, elg, geiter, høner, kyr, sauer, grisar, revebæsj)
- Kari og Hildur høyrer og ser nokre fuglar også. Kva for fuglar er det? (granmeis, heilo, vipe)
- Korleis var Hildur mot dyra på setra? (Sjå gjerne på framsida av boka også.)
- Bestefaren til Kari snakka om «hyljarlivet». Kva var det? (Soga om huldra og dei underjordiske, sjå side 12. Verbet «å hylje» er i slekt med ordet «hulder» og tyder å gøyme noko.)
- Bestefaren til Kari snakka også om «seterverro». Kva var det? («ei setervere» (seteropphold, setertilvære), altså tida på setra saman med dyra, side 24)
- Kva trur de Kari såg då Hildur sprang bortover heilt på slutten?



ILLUSTRASJON: Agnetha Berg (frå boka)

4 Aktivitet (om lag 45 minutt)

Aktiviteten har to delar og er forankra i faga musikk, kroppsøving og norsk.

Musikk/kroppsøving – song og dans (15–20 minutt)

Historia om Hildur tek utgangspunkt i gamle soger og gamal tru om det underjordiske. Noko anna som også har ein lang tradisjon i Noreg, er folkedans og folkemusikk. «Huldra Hildur» er ei forteljing som kombinerer forteljing og musikk, og elevane får dermed bli kjende med sjangeren folkemusikk gjennom boka.

Syng og dans saman

Her finn de ein folkedans som heiter Til seters.

www.folkepedia.no/til-seters

Songen er i utgangspunktet skriven på dansk-norsk, og er skriven av den norske forfattaren Claus Pavels Riis.

Her finn de teksten fritt omsett til nynorsk:

Nynorsk tekst:

/: Til setra, til setra, sjå sola ho går ned :/

Skuggane blir no så dunkle og lange

Framover går vi med songar så mange.

Ein to, ein to, så slår vi oss til ro.

Fleire songar som kan passe til ressursen

Bind deg ein blomekrans (www.tunkatten.no/songbok/leik/)

Eg veit ei lita jente (www.tunkatten.no/songbok/deg-og-meg/)



4 Aktivitet (framhald)

Norsk – Skriv ei forteljing (15–20 minutt)

Ta utgangspunkt i eitt av desse bileta, og skriv ei forteljing. Hugs å skrive med heile setningar, og bruk adjektiv for å skildre. De må gjerne lese forteljingane for kvarandre når de er ferdige.

- Kven held til her?
- Kva skjer?
- Når skjer det? (Kan bileta gje ein ide om kva tid dei blei tekne?)



5 Tilleggsoppgåver (samfunnsfag, naturfag, mat og helse og kunst og handverk)

Norsk og samfunnsfag

Er det setrer i nærområdet dykker? Undersøk korleis desse setrene var i bruk før i tida. Lag spørsmål om seterlivet og intervju ein (eldre) person som veit litt om korleis livet på setra var.

I denne reklamefilmen frå Tine kan de sjå korleis det er på ein moderne stol / ei seter. Korleis har ting endra seg gjennom åra?
<https://www.youtube.com/watch?v=BnTa4ohyOQw>

Kunst og handverk

Ta utgangspunkt i framsida på boka og lag din eigen versjon av biletet. Bruk ulike teknikkar og ulikt materiale i arbeidet.

Tips

- Bruk gul tråd og fingerhekle håret til Hildur.
- Bruk bomullspinnar og kvit og blå måling til å lage myrulla og blåbæra.
- Bruk bomull eller vatt til å lage ulla til sauene.

Uteskule (naturfag og mat og helse)

Leit etter dyrespor og sjå etter fuglar. De kan lese meir om fuglen heilo her: <https://www.npolar.no/arter/heilo/>

Om hausten: Plukk blåbær og rør saman til syltetøy. Lag pannekaker, og et dei med syltetøy på.

Formål etter læreplanen frå 2020

Samfunnsfag

- utforske og presentere korleis menneska levde for éin til to menneskealdrar sidan.

Naturfag

- gi døme på god dyrevelferd og reflektere over korleis ein kan vareta behova til dyr.

Kunst og handverk

- formidle og vise fram eige arbeid gjennom utstilling.
- utforske ulike visuelle uttrykk og byggje vidare på ideane til andre i eige skapande arbeid.
- teikne form og djupn ved bruk av verkemiddel som overlapping og forminsking.

Mat og helse

- utnytte lokale matvarer i matlaging og presentere ledda i produksjonskjeda frå råvare til måltid.